



Arkivnr: 2014/14018-1

Saksbehandlar: Helene Moe, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		09.04.2014
Fylkesutvalet		23.04.2014

## Tilskot i Prosjekt Bryggen - Framlegg til justering av retningslinjar

### Samandrag

Prosjekt Bryggen starta opp i 2000 og er eit program for sikring og istandsetting av verdsarvstaden.. Midlar til Prosjekt Bryggen blir løyvd frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 7.9. Sidan 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og fellesoppgåver.

Gjeldande retningslinjer for tilskot vart handsama i sak 21/13 i Kultur- og ressursutvalet og vedteke i sak 56/13 i fylkesutvalet. Fylkesrådmannen fekk mynde til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

I sak 106/13 i Kultur- og ressursutvalet og i sak 245/13 i fylkesutvalet blei det deretter vedteke nokre justeringar av dei punkta som gjeld sluttrapport for istandsettingstiltak

Som del av retningslinjene er det spesifisert at det for nye istandsettingstiltak skal føreligge forprosjekt for istandsetting. På grunnlag av erfaringar frå tilskotsforvaltinga i 2013 er det behov for nokre justeringar av punktet som gjeld forprosjekt: Tilføyningane gjeld frist for innsending av forprosjekt

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek justeringane under punkt 5 og punkt 6.4 i retningslinjer for tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 20.03.2014**

Retningslinjene for tilskot i Prosjekt Bryggen slik dei blei vedtekne i sak 245/13 i fylkesutvalet er lagt ved saka.

Saka gjeld tilføyingar til punkt 5 og punkt 6.4.

Tilføyingane skal gjere retningslinjene for tilskotsordninga klårare og meir presise.

**Punkt 5:**

Gjeldande formulering:

*«Søknad må vere godt nok opplyst til at saka kan handsamast og vedtak kan gjerast. Det er utarbeidd elektroniske søknadsskjema som skal nyttast for søknader som gjeld istandsetting og mellombels sikring. Krav til informasjon og dokumentasjon i søknadene går fram av søknadsskjema.*

*Dersom søknaden er mangelfull vil det bli gitt høve til å rette dette innan ein nærare gitt frist. Dersom manglane ikkje blir retta innan fristen, blir søknaden avvist.»*

Tilføying av eit avsnitt: tredje avsnitt nedanfor:

*«Søknad må vere godt nok opplyst til at saka kan handsamast og vedtak kan gjerast. Det er utarbeidd elektroniske søknadsskjema som skal nyttast for søknader som gjeld istandsetting og mellombels sikring. Krav til informasjon og dokumentasjon i søknadene går fram av søknadsskjema.*

*Dersom søknaden er mangelfull vil det bli gitt høve til å rette dette innan ein nærare gitt frist. Dersom manglane ikkje blir retta innan fristen, blir søknaden avvist.*

*Krav om gjennomført forprosjekt før det kan sendast inn søknad om tilskot til istandsetting, går fram av punkt 6.4, andre underpunkt. Det vil ikkje bli gitt høve til å sende inn forprosjekt etter fristen som er spesifisert i punkt 6.4. Dersom eit forprosjekt blir sendt inn etter denne fristen, eller dersom forprosjektet ikkje er godkjent, vil ein eventuell søknad om tilskot til istandsetting bli avvist.»*

**Punkt 6.4, andre underpunkt:**

Gjeldande formulering:

*«At det på førehand ligg føre godkjend forprosjekt for istandsetting som er utført i samsvar med spesifiserte retningsliner definert av Hordaland fylkeskommune. Dei gjeldande retningslinjene for forprosjekt justerast ved behov av fylkeskommunen.»*

Tilføying av ein setning: siste setning nedanfor:

*«At det på førehand ligg føre godkjend forprosjekt for istandsetting som er utført i samsvar med spesifiserte retningsliner definert av Hordaland fylkeskommune. Dei gjeldande retningslinjene for forprosjekt justerast ved behov av fylkeskommunen. Forprosjektet må vere innsendt elektronisk innan tre månader før søknadsfristen for tilskot, det vil seie innan 1. august.»*